



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1435 - 17/19478

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
28.06.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/786 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.06.17.

Vi viser til søknad om mellombels bruksløyve for eigedom gbnr. 137/786.

Per i dag 28.06.17 er det ikkje gjeve ferdigmelding med omsyn til påkobling offentleg vatn- og avløpsnett for eigedomen. Dette er eit privatrettsleg tilhøve mellom grunneigar og kommunen v/Teknisk drift VA, som det vart sett vilkår om i løyve til tiltak på eigedomen datert 29.07.16 jf. løyve til påkobling gjeve av Teknisk drift VA datert 21.07.16.

Det er sendt brev til Stendal VVS AS, datert 22.06.17, der følgjande er opplyst:
Vedk. ferdigmelding - gbnr 137/786 Alver

Vi viser til mottatt ferdigmelding 24.05.2017 med situasjonsplan as built.

Adresse byggjeplass:	Nedre Mangerbua 53, Alversund
Type bygg :	Nybygg einebustad
Type arbeid :	Tilkopling til kommunalt vatn og kloakk og utføring av sanitæranlegg

Då anlegget for hovud vatn og avløp i feltet ikkje er godkjend, kan heller ikkje ferdigmeldinga for bustad godkjennast. Ber om at utførande leverar komplett FDV-dokumentasjon i h.h.t. VA-norm og kallar inn til synfaring på staden.

Det vert ikkje gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve før det ligg føre godkjend ferdigmelding i høve påkobling for eigedom gbnr. 137/786.

Ver venleg å ta kontakt med Teknisk drift VA for meir informasjon.



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det skal ligge føre godkjent ferdigmelding med omsyn til påkobling til offentleg vatn- og avlaupsnett jf. vilkår i vedtak datert 29.07.16
2. Vi kan ikkje sjå å ha motteke koordinatar for plassering av tiltak på eigedomen jf. vilkår i vedtak datert 29.07.16, vi ber om at desse vert levert inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 02.08.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Leif Ketil Bognøy	Kvassnesvegen 55	5914	ISDALSTØ
Leif Ketil Bognøy og Elisabeth Nordal	Lønborglien 195	5039	BERGEN
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ

Mottakarar:

Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ
-----------------	-----------------	------	----------